

# KAN MENNESKET VÆRE FRITT UNDER KAPITALISMEN? – EN TOLKNING AV HVORDAN HEGELS SYN PÅ ØKONOMI KAN GI KAPITALISMEN STØRRE LEGITIMITET

Lars Kolbeinstveit



## *Kva handlar masteroppgåva di om?*

Som ein kan lesa ut av tittelen på oppgåva har eg skrive om korleis Hegel legitimerer marknadsøkonomi. Kva har så Hegel å seia om økonomi?

Mykje. Han var imponert av kva dei engelske økonomane utvikla av teoriar på 1700-talet og ein kan sjå klare spor av Adam Smith i nokre av verka til Hegel. Ved å nytta Hegel freistar eg å gi marknadsøkonomien sårt tiltrengt legitimitet. Eg er kritisk til ein marknadsøkonomi som ikkje har eit økologisk og etisk grunnlag. Det er heilt naudsynt at det økologiske og etiske legg premissane for økonomien *uavhengig* av økonomiske vekstinteresser. Det ein ser tendensar til i vår tid er at økonomien legg premissane for økologi og etikk, og ikkje motsett. Ei slik utvikling er sjølv sagt ikkje heldig. For å utvikla betre teoriar om marknadsøkonomi kan ein ha nytte av å lesa Hegel, særleg verket *Philosophie des Rechts (Rettsfilosofien)*.

## *Kva argumenterar du for/mot i oppgåva?*

Det særskilde med Hegel sitt syn på marknadsøkonomi er fokuset på det sosiale ved handel. Handel er for Hegel meir enn ein kontrakt mellom to partar. Ei noko uriktig framstilling av Adam Smith hevdar jo som kjend at marknadsaktørane ikkje skal taka moralske omsyn, men freista å maksimera sine eigne interesser. Hegel er likevel klårare på dette punktet enn Adam Smith og skil ikkje den etiske sfæren ut frå marknaden. Ein er plikta til å ta same moralske omsyn anten ein er på arbeid, handlar på marknaden eller er i lag med familien. Eg hevdar at det som har gjort mest skade for legitimiteten til marknadsøkonomien i vår moderne tid nett er lausrivinga frå det etiske grunnlaget. Denne lausrivinga har gjeve oss eit autonomt marknadssystem som settar sine eigne lover. Foucault hevda at marknaden i vår tid fungerer som eit autonomt «regime for sanning». Marknaden dømmar kva som er sanning eller falskt. Eg freistar i oppgåva mi likevel å argumentera for eit liberalt syn på både marknad og moral då det er ein føresetnad at eit menneske er fritt viss det skal taka moralsk ansvar for seg sjølv og andre. Tanken om fridom som naudsynt for utviklinga av eit moralsk menneske viser aristoteliske spor i Hegel sin filosofi.

Det er noko likt mellom liberalistar og sosialdemokratane sine syn på menneske og marknad. Dei har svert liten tillit til folk si moralkjensle. Dei vil – med lova i handa – trua folk til å handla rett. «Mi oppgåve er å skremme» sa økokrimsjefen på hobb- og besiansk vis for nokre år sidan. Eit samfunn kor faren for straff hindrar umoral har eg til no ikkje sett eit døme på.

## *Kvifor bør andre lesa di oppgåve?*

Eg trur folk kunne ha glede av å lesa oppgåva mi då dei kanskje kan få eit noko meir nyansert syn på tilhøve mellom stat, sivilsamfunn og marknad. Å lesa ei heil masteroppgåve kan vera keisamt. Sjølv om ein klok medstudent av meg har kalla oppgåva mi «litt mykje dagsrevy» kan eg kanskje anbefala «Markedet må være moralsk» i Minerva 04/2008, som er ein kortversjon av oppgåva.

## *Kva no? Nav eller arbeid?*

I vår byrja eg på masterstudiet i økonomi ved Universitetet i Oslo. Eg likar det, men freistar samstundes å finna meg arbeid i avis, tidsskrift eller i embetsverket.